


Stord Båtlag

VEDTEKTER FOR STORD BÅTLAG

08	10.11.2025	Revidert etter vedtak på årsmøte 2025.	TJS		04.09.25
07	05.06.19	Revidert etter vedtak på årsmøte for 2018.	TH		25.04.19
06	06.04.17	Revidert årsmøtet 2016	TH	06.03.17	15.03.17
05	24.03.15	Revidert årsmøtet 2014	TH	12.03.15	19.03.15
04	09.03.15	Revidert årsmøte 2013	TH	10.04.14	28.04.14
03	11.11.13	Språkretting	TH		
02	8.4.2013	Revidert årsmøte 2012	TJS	18.4.2013	19.4.2013
01		Første gang vedteke			18.8.1948
Revisjon.	Dato	Tekst, kommentar	Laga av	Styre Behandla	Årsmøte behandla



Stord Båtlag

VEDTEKTER STORD BÅTLAG

§ 1 Namn og emblem.

- 1.1 Laget sitt namn er Stord Båtlag(SBL), stifta 18. august 1948,og har si hamn og adresse i Leirvik i Stord kommune.
- 1.2 Laget sitt emblem er kvit vimpel med blå kant. I vimpelen ein bronse, treblada, propell med blå bokstaver, S B L, mellom propellblada.
- 1.3 Laget er tilslutta Kongelig Norsk Båtforbund(KNBF) og er registrert med registrerings nr. 998 988 675 i Brønnøysundregisteret som stiftelse(FLI).

§ 2 Formål.

SBL er eit ideelt, frivillig lag med ikkje fortjenestebasert formål.

Stord Båtlag har som formål å samla båtinteresserte i arbeid for:


- 2.1 Skape og vedlikehalde eit godt båt miljø i sikre båthamner og på vedlikehalds- og opplagsplasser gjennom aktiv opplæring i sjøvett, båtbruk og marint miljøvern.
- 2.2 Støtte båtlivet gjennom aktiv innsats ved bygging og drift av hamner, og medlemmer og almennheta si interesse og rett til bruk av sjøen og friareal.
- 2.3 Samarbeide lokalt og regionalt med andre lag om felles oppgåver.
- 2.4 Samarbeide med lokale myndigheter for å løyse aktuelle oppgåver innan ramma av formålet.

§ 3 Endring av vedtekter og instruksjer.

- 3.1 Forslag til endringar i vedtekter skal fremmast for Årsmøtet og vedtakast av dette.
- 3.2 Endring av instruksjer kan gjerast av Styret. Slike endringar skal informerast om i medlemsbladet, laget si heimeside eller på første medlemsmøte.

§ 4 Medlemskap.

- 4.1 Som medlem kan styret ta opp ein kvar båtinteressert som vil arbeide for Laget sine formål, akseptere og rette seg etter Laget sine vedtekter med tilknytt regelverk og vedtak som blir gjort av Årsmøtet og Styret.
- 4.2 Medlemskapen gjeld frå det tidspunkt medlemskontingent er registrert og betalt. Tidspunkt gjev grunnlag for berekning av ansiennitet i forbindelse med tildeling av hamneplass.
- 4.3 Utmelding skal skje skriftlig til Laget sitt styre. Alt økonomisk mellomværande skal då gjerast opp.
- 4.4 Styret kan stryke eit medlem som ikkje gjer opp for seg etter purring. Økonomiske krav på vedkommande vert oppretthaldt. Styre kan krevje båtplass tilbakeført til båtlaget ved økonomisk mislighald. Skyldig beløp kommer til frådrag på innskuddsprisen ved oppgjer, slik at båtlaget får dekket sitt uteståande krav.
- 4.5 Ny oppretting av medlemskap etter avbrot krev ny søknad og at eventuelt økonomisk uteståande blir gjort opp på førehand. Tidlegere opparbeida ansiennitet er tapt.



Stord Båtlag


- 4.6 Styret kan, etter skriftlig varsel, ekskludere et medlem som handlar illojalt, ukollegial eller som ikkje fylgjer Årsmøtet eller Styrets sitt vedtak. Eksklusjon kan ankast inn for Årsmøtet. Ved eksklusjon taper ein retten til hamneplass og all opparbeida ansiennitet. Et ekskludert medlem kan søke medlemskap på ny når det har gått minst 3-tre- år etter endelig vedtak.
- 4.7 Et medlem som har utført særlig fortjenestefull innsats for Laget kan, etter innstilling frå Styret, veljast som æresmedlem av Årsmøtet.
- 4.8 Årskontingenten følgjer kalenderåret. Den skal være innbetalt innan angitt frist. Ved manglande betaling kan styret, etter puring, stryka vedkommande som medlem.

§ 5 Administrasjon og leiing.

- 5.1 Laget skal leiast av et styre på fem(5) medlemmer som er sett saman slik:
- Styreleiar
 - Nestleiar
 - Skrivar
 - Kasserar
 - Styremedlem(r)

§ 6 Årsmøte og ekstraordinært årsmøte.

- 6.1 Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av februar månad. Kunngjering om årsmøte skal skje med minst 14 dagars varsel og skal innehalda fullstendig saksliste. Berre saker som er tatt med i kunngjeringa kan handsamast av Årsmøtet.
- 6.2 Årsmøtet kan gjera vedtak når det er lovlig innkalla. Stemmerett har alle medlemmer. Et medlem kan delegere sin stemmerett ved Årsmøtet til eit anna medlem eller sin ektefelle/ sambuar. Skriftleg fullmakt må innleverast til sekretariatet før møtet opnast. Ingen kan stille med meir enn ein fullmakt.
- 6.3 Årsmøtet skal handsama:
- Godkjenning av fullmaktar
 - Opning
 - Godkjenning av innkalling og dagsorden.
 - Val av ordstyrar og referent.
 - Val av 2 personar til å godkjenna protokollen.
 - Årsmelding.
 - Revidert rekneskap.
 - Kontingent og innmeldingsgebyr.
 - Forslag til endring av Vedtekter.
 - Andre forslag.
 - Prisar for hamn- og opplagsplasser, dokking, gebyr og andre økonomiske plikter, til eksempel dugnad.
 - Budsjett for kommande år.
- Forslag til årsmøtet må vera innkomne til Styret innan fastsett frist. Alle forslag skal vera grunna av forslagstillar. Styrets skal gjera innstilling til dei enkelte saker.



Stord Båtlag

6.4 Vedtektsendringar og saker av direkte økonomisk betydning for medlemmene skal avgjerast på Årsmøtet med tilslutning frå minst 2/3 av dei stemmerettige på møtet.

6.5 Årsmøtet føretar fylgjande val.

Styre, 5 medlemmer + 2 varamedlemmer(valkomiteen innstiller):

- Styreleiar.
- Nestleiar.
- Skrivar.
- Kasserar.
- Styremedlem(r).
- Varamedlem 1.
- Varamedlem 2.

Valkomité, 3 medlemmar(styret innstiller):

- Leiar.
- Medlem.
- Medlem.

Utsending(r)til Båttinget(styret innstiller).

Styret etablerer/konstituerer sjølv aktuelle komitear for hamn og landanlegg. Alle komitear skal ha representant frå styret.

Alle i styret skal veljast for to år.

Alle medlemmer av Laget kan veljast til verv i Laget.


Ekstraordinært årsmøte kan haldast når Styret finn det nødvendig eller dersom 1/3 av medlemmene krev dette. Berre saker som er angitt i innkallinga, kan handsamast på et ekstraordinært årsmøte. Frist for kunngjering og regler er som for ordinært årsmøte.

§ 7 ØKONOMIFORVALTNING.

- 7.1 Styreleier saman med kasserer innehar i fellesskap Laget sin signatur og kan forplikte Laget overfor tredjemann.
- 7.2 Styret har ansvaret for Laget si drift mellom årsmøta og fattar nødvendige vedtak om detaljer i Laget si daglige økonomiforvaltning.
- 7.3 Æresmedlemmer betalar ikkje kontingent.

§ 8 PLIKTER OG RETTIGHETER.

- 8.1 Alle medlemmer har dei same rettar til Laget sine resursar så lenge dei oppfyller vilkåra i gjeldande vedtekter, forskrifter og instruksjer.
- 8.2 Medlemmer sin ektefelle/ sambuar og born under 18 år, eller familiemedlemmer som har status likeverdige med disse, har tilgang til alle lagsarrangement og anlegg på like vilkår med medlemmer.
- 8.3 All ferdsel på Laget sitt anlegg, enten dei er opne eller låst, skjer på eige ansvar.



Stord Båtlag

- 8.4 Eit medlem pliktar å setje seg inn i og å fylgja vilkåra i gjeldande vedtekter, forskrifter og instruksar for Stord Båtlag og skal respektere og retta seg etter vedtak fatta av Laget sitt årsmøte og styre, og fylgja tilvisingar og pålegg som blir gjeve av Laget sine tillitsvalde.
- 8.5 Hamnekomiteen kan gje enkeltmedlemmer eller grupper av medlemmer pålegg om tiltak i enkeltsaker.
- 8.6 Tillitsvalde skal gjennom sine verv arbeida for medlemmene og Laget sine interesser. Den som tek på seg tillitsverv, pliktar å setje seg inn i instruksar for vervet og vervet sine oppgåver og utføre disse.

§ 9 OPPLØYSING

- 9.1 Oppløysing av Stord Båtlag kan berre skje ved vedtak på ordinært årsmøte og etter at grunna forslag er utsendt til medlemmene med innkallinga.
- 9.2 Vedtaket om oppløysing må ha 2/3 fleirtal på to påfølgjande ordinære årsmøter. Reversering av oppløysingsvedtak krev simpelt fleirtal.
- 9.3 Ved oppløysning skal det veljast eit avviklingsstyre med ansvar for laget sine oppgåver og plikter fram til endeleg avvikling.
- 9.4 Siste årsmøtet gjer vedtak om kva som skal skje med Laget sine eigedelar og rettar. Eigedeler og rettar skal overførast eller fordelast mellom ein eller fleire lokale lag med liknande formål. Er det ved oppløysing ingen aktuell/villig mottakar, skal eigedelar/rettar gå til liknande formål etter avklaring med KNBF.
- 9.5 Laget sine eigedeler eller rettar kan ikkje i noko tilfelle fordelast til laget sine medlemmer eller andre enkeltpersoner.

§ 10 HAMNER – TILDELING OG BRUK.

10.1 Ansvar.


- 10.1.1 Hamnekomiteen er ansvarlig for den daglege leiinga av hamnene og skal sørge for at alle forhold ved drift, vedlikehald og bruk av hamnene og dei enkelte brygger er i tråd med krav i vedtekter, instruksar og styrande dokumenter gjevne av Laget sitt Årsmøte og Styre.
- 10.1.2 I akutte situasjonar har Hamnekomiteen mynde til å gripe inn med naudsynte tiltak for å hindra at det skal oppstå skade på personer og/eller materiell.

10.2 Tildeling av hamne plassar.

- 10.2.1 Tildeling av hamne plass vil alltid være avhengig av gyldig medlemskap i SBL og at alle plikter overfor Laget er oppfylt i samsvar med vedtekter, Instruksar og styrande dokumenter.
- 10.2.2 Eigar av kjøpt båtplass(innskuddsplass) administrer sjølv framleige av båtplassen i samsvar med Instruks for framleige av eigen båtplass(innskuddsplass).

§ 11 FORSIKRINGSDEKNING.

- 11.1 SBL har ikkje under noko omstende ansvar for skadar som oppstår på personer og/eller materiell uansett stad under utføring av oppdrag for medlemmar eller andre.



Stord Båtlag

- 11.2 Den enkelte som nyttar SBL sine hamner eller får utført tenester i regi av SBL, må sjølv sørge for å ha oppretta ei forsikringsordning som dekker eventuelle skadar som vil kunne oppstå.

§ 12 INSTRUKS FOR STYRET.

- 12.1 Styret har den daglege leiinga av Laget, og skal arbeida ut frå Laget sitt formål og vedtak frå Årsmøtet.
- 12.2 Styret held møte når styreleiar eller minst 2 styrerepresentantar krev det. Det skal avhaldas minst 6 styremøter i løpet av året. Møteinncalling skal vera skriftlege (brev, e-post eller telefaks) med saksliste og tid og stad for møtet. Inncalling til et møte skal normalt sendast ut 1 veke før møtet. Styreleiar leiar styremøta. I styreleiar sitt fråvær leiast eit møte av nestleiar. Dersom verken styreleiar eller nestleiar kan møte vert møteleiar valt blant dei frammøtte. Styret kan gjera vedtak når minst halvparten av styremedlemmene møter. Ved lik stemme er møteleiar si stemme avgjerande. Det skal først protokoll frå alle møter.
- 12.3 Styret kan ikkje forplikte Laget i saker med økonomiske rammer som avvik vesentleg frå gjeldande budsjett.
- 12.4 Styret skal informere medlemmene om Laget si drift og om saker som Styret arbeider med. Styret er ansvarlig for at det vert haldt medlemsmøter. På medlemsmøta informerer Styret om aktuelle saker. Styret skal halde medlemmene orientert om viktige saker og laget si drift gjennom laget si heimeside, innlegg i informasjonsbrev, Sjaluppen, eller i brev til det enkelte medlem.
- 12.5 Ved behov utnemner Styret utval og delegater som er naudsynt for å ivareta Laget sine interesser i konkrete saker. Styret utarbeidar mandat/instruks for disse.
- 12.6 Styret gjennomfører, etter årsmøtevedtak, tilsetting av personer i Laget og utarbeider arbeidsavtale og stillingsinstruks for disse.
- 12.7 Styret skal ha utarbeida årsmelding, rekneskap og budsjett til Årsmøtet.
- 12.8 Eit styremedlem kan ikkje delta i handsaming, eller avgjera i saker, som har betyding for eigen del eller for nokon som vurderast å ha spesiell personlig eller økonomisk særinteresse i saka.
- 12.9 Alle styremedlemmer er pålagt taushetsplikt om fortrolige forhold dei blir gjort kjent med gjennom sitt styrearbeid.

§ 13 KONTINGENTAR, LEIGEPRISAR OG GEBYR.

- 13.1 Årskontingent, kontingent til KNBF, verdi på innskotsbevis, frikjøpsverdi på dugnadstimar skal bestemast av årsmøtet. Oppdatert prisliste, og med pris på andre tenester som ikkje blir vedteke av årsmøte, skal utarbeidast og gjerast kjent av styret.
- 13.2 Årskontingenten til KNBF blir bestemt av Båtinget og blir betalt samla til KNBF på grunnlag av tal på betalande medlemmer i SBL.